

ØYVAR AS

Årsmelding 2020





INNHALD

Dagleg leiar	4
Utbyggingsprosjekt	10
Vassforsyning	14
Avløp	16
Renovasjon	18
Styrets årsmelding	22
Resultatrekneskap	29
Balanse	30
Kontantstrømoppstilling	32
Notar	33
Revisors beretning	43

Foto: Rune Sætre og
Lars Vassenden, ØYVAR

Forsidebilde: Frå Misje, med
Gulskjeret i forgrunnen.

Design og trykk: Bodoni



ØyVAR AS er den fremste næringsmiddel- og miljøbedrifta i Øygarden kommune. 40 årsverk sørger for å levere drikkevatt av svært god kvalitet, og tek hand om avløpsvatnet og reinsar dette. Dei sørger dessutan for tømning av private slamavskiljarar og samlar inn og legg til rette for gjenbruk av avfall.

ØyVAR byggjer ut nye anlegg for vassforsyning og avløpshandtering. Heile aktiviteten blir finansiert gjennom vass-, avløps- og renovasjonsgebyra.

AMBISJONAR

- Best på organisering av VAR-tenester i Noreg
- Best på kundeoppleving
- Nok drikkevatt av høg kvalitet
- Inga forureining som skader natur og miljø
- Berekraftig og kostnadseffektiv avfallshandtering
- Øygarden kommunes fremste miljøbedrift
- Mest attraktive VAR-arbeidsplass



ØYVAR er sertifisert miljøfyrtårnbedrift.

Målretta løysingar i samfunnets teneste

Når vi skal samanfatte året 2020, må vi innrømme at dette blir skrive i ein heilt spesiell situasjon for både selskapet og verda elles. Utbrot av koronavirus pregar nyheitsbiletet, og utbreiinga av viruset rårar sentrale delar av samfunnet vårt. Både vatn, avløp og renovasjon er samfunnskritiske tenester og må fungere i eit moderne samfunn. Selskapet skal sørge for ein balanse mellom effektivitet og robustheit.

Vi har i 2020 lagt bak oss det første året som ØyVAR, etter samanslåing av FjellVAR og Sund VA. Året har vore krevjande med mange ulike system som måtte samordnast og innførast. Men vi får på plass stadig fleire avklaringar og felles rutinar og praksis. Vi er større og har fleire å spele på ved sjukdom og ved behov for innsats på kort varsel. Sjølv om ikkje alt er på plass, går vi ut av året med ei visse om at den nye organisasjonen fungerer godt og er betre rusta for å møte utfordringane som vil kome i framtida.

Dei siste åra har vore prega av klima- og miljøraker både i media og i politikken. Det internasjonale trykket på desse sakene gjer at ein både i næringslivet og det offentlege må leggje planar og gjennomføre relevante tiltak for å møte framtidige utfordringar. Nye direktiv og målsettingar frå EU og norske myndigheiter gjer at selskap som ØyVAR må endre praksis frå å prioritere drift av avfalls- og renovasjonsordninga til å leggje til rette for at ein kan nå klima- og miljømål.

DAGLEG LEIAR

ØyVAR kjøpte BIR sin gjenbruksstasjon på Midtstegen, og vi fekk vårt første driftsår i 2020. Stasjonen har utan tvil medført auka kapasitet på mottak og i stor grad bidrege til at vi trass i koronarestriksjonar har klart å ta imot avfall frå innbyggjarane.

Vi har òg lagt bak oss det første driftsåret for avløpsreinsenanlegget på Storanipa, som leverer gode reinseresultat. Avløpsreinsenanlegget på Krekjebærneset (Ågotnes) er heilt i slutfasen, og prøvedrift vil starte opp våren 2021.

Sjølv om selskapet har blitt større og har fleire tilsette å spele på, står det att å knyte saman vassverka frå sør til nord. Vi vil først oppnå naudsynt sikkerheit i levering av drikkevatt når vi har kopla saman dei fem vassverka i kommunen.

Som følgje av kommunesamanslåinga har vi om lag 39 000 innbyggjarar i kommunen som alle skal ha samfunnskritiske tenester frå ØyVAR. Dette krev at vi er rett dimensjonerte og har ein god nok infrastruktur. Vi må derfor jobbe målretta med framtidretta løysingar i miljøets og samfunnets teneste. Dette lèt seg gjere, takk vere våre dyktige tilsette, som fortener ein stor takk for innsatsen i 2020!



Bjarne Ulvestad
Dagleg leiar

Utbyggings- prosjekt

Kommunestyret vedtok i møte 1. september 2011 ny kommunedelplan for vatn og avløp i Fjell kommune for perioden 2011–2022. Ein viktig del av denne planen er eit ambisiøst handlingsprogram for vidare utbygging av infrastruktur innanfor vatn og avløp.


Heile programmet omfattar investeringar for 905 millionar kroner – svært mykje av dette er føresett gjennomført i løpet av dei komande åra.

Vidare blei det i kommunestyret 28. november 2013 gjort vedtak om at det nye hovudavløpsreinseanlegget skal liggje i fjell. Kostnaden for nytt avløpsreinseanlegg i fjell ved Storanipa auka frå 293 millionar kroner til 456 millionar kroner samanlikna med handlingsprogrammet i kommunedelplanen for vatn og avløp.

Utbyggingskostnadene på dei prosjekta som er fullførte, er totalt sett i samsvar med kostnadene i handlingsprogrammet. Totalt er det bygd ut for om lag 750 millionar kroner, og ifølgje ein førebels prognose ligg vi omkring 50 millionar kroner under investeringsramma i handlingsprogrammet.

STATUS 31.12.2020

- Uført 2012–2020
- Under produksjon
- Under prosjektering/
ferdig prosjektert,
prisa eller utlyst



UTBYGGINGSPROSJEKT

Prosjekt bygd og tekne i bruk

Vassleidning til Eide (bestilt av kommunestyret)

Ny vassleidning til Eide, samarbeidsprosjekt med Franzefoss. Fullført 2012.

Prosjekt 1: Haggardvatn

Det er lagt til rette for å kunne ta i bruk Haggardvatn som krisevatn. Utført.

Prosjekt 2: Engesvatnet

Søknad om konsesjon for regulering av Engesvatn er godkjent på vilkår av NVE. Det er gjeve maksimal reguleringsstid på 10 år. Vilkåra er truleg for strenge til at det vil vere rett å starte ei oppdemming av vatnet.

Prosjekt 3: Dam Fjæreide / oppgradering av eksisterande dammar

Ny damsikkerheitsforskrift har medført at dammane må forsterkast. Bildevatn, Fjæreide, Signalvatn og Haggardvatn er oppgradert.

Prosjekt 4: Kørelen (utgreiingar og konsesjonssøknad)

Arbeidet har blitt utført saman med Sund kommune/ Sund VA. Konsesjon på regulering og uttak av vatn er gjeve av NVE.

Prosjekt 5: Bildebakken VBA

Nytt vasshandsamingsanlegg på Bildebakken blei fullført i 2013 og er teken i bruk.

Prosjekt 7: Avløpsreinseanlegg Vest, Møvik RA

Prosjektet omfattar nytt avløpsreinseanlegg for området Fjell–Ulveset–Møvik–Skålvik, med plassering ved kaien i Møvik. Prosjektet er fullført.

Prosjekt 8/9: Nytt hovudreinseanlegg for avløp (Storanipa)

Anlegget vart fullført i 2019.

Prosjekt 10: Ågotnes avløpsreinseanlegg

Fullført, står att innregulering og prøvedrift.



Bobiltømmestasjon på Våge

UTBYGGINGSPROSJEKT

Prosjekt 11: Vindenes–Skårane

I samband med etablering av fortau frå hovudvegen til Skårane/Vindenes vart det også lagt ned vassleidningar. Prosjektet er fullført.

Prosjekt 12: Syltøy, Lokøy og Flogøy

Prosjektet omfattar nye vassleidningar frå Møvik til Syltøy, Lokøy og Flogøy. I prosjektet ligg og utsleppsleidning frå Møvik. Arbeidet er fullført.

Prosjekt 13: Vindenes gard

Prosjektet er fullført.

Prosjekt 14: Ekren–Nese

Prosjektet vart fullført og teken i bruk i 2012.

Prosjekt 15: Morlandstø–Åttringen–Straume

Sjøleidning til Bildøyna og Åttringen er fullført. Ny pumpestasjon ved Åttringen vart teken i bruk sommaren 2016.

Prosjekt 16: Apalvågen–Skålevik skule

Ny pumpestasjon i Apalvågen og ny leidning til skulen. Avlaupet ført vidare til nytt reinseanlegg på Møvik. Fullført.

Prosjekt 17: Bildøybakken

Leidningane til høgdebassenget var for små og måtte skiftast ut. Fullført.

Prosjekt 18: Samankopling Ågotnes

Arbeidet er fullført og teken i bruk august 2013. Saman med ny vassleidning i Fjæreidepollen er no vassforsyningkapasitet monaleg auka i den nordre del av Fjell kommune.

Prosjekt 20: Høgdebasseng Bjørøyna

Fullført sommaren 2015.

Prosjekt 21: Fjæreidepollen

Ny vassleidning i Fjæreidepollen, prosjektet er fullført.

Prosjekt 22: Avlaupssanering og kapasitetsauke Straumeområdet

Ny avløpsleidning frå Sartorområdet, tunnel til sjøfronten og vidare til Foldnes. I tillegg er pumpestasjonen på Straume oppgradert med nye pumper. Pågår opprydding av avløpssituasjonen på Straumsfjellet som skal førast ned til ny pumpestasjon i Arefjord. Ny avløpsleidning er



Landrodalen

UTBYGGINGSPROSJEKT

lagt ned i vegen mellom Arefjord–Storskaret i samarbeid med Statens vegvesen. Det er òg lagt ned ny vassleidning i tunnelen mellom sjøfronten og via sjakt og opptil Foldnesvegen. I 2020 er det lagt ny vassleidning frå Lonavegen til rundkjøring Storskaret. Pågår arbeid i samband med ny rundkjøring ved tidlegare jernvarebutikken og vidare nordover Sartorvegen.

Prosjekt 23: Avløpssanering Kolltveit

Deler av arbeidet er fullført, blir delt inn i fleire etappar.

Prosjekt 24: Søre Bildøyna–Straume

Fullført 2019.

Prosjekt 26: Utsleppsleidning Vågo

Prosjektet er ferdigstilt 2019.

Prosjekt 27: Kolltveit–Nordre Bildøyna–Foldnes

Arbeidet er fullført.

Prosjekt 28: Brattholmen–Valen

Fullført 2019.

Prosjekt 29: Høgdebasseng Burdalsfjellet

Prosjektet er fullført.

Prosjekt 30: Morlandstø–Kolltveit

Eksisterande avløpsreinseanlegg på Morland er tatt ut av drift. Avløpet blir no ført til Kolltveit og vidare til Våge. Arbeidet er fullført.

Prosjekt 32: Landrodalen

Fullført 2020.

Prosjekt 33: Avløpssanering Kallestad

Fullført 2018.

Prosjekt 34: Sotrasamband Straume–Knarrevik

Arefjord–Storskaret, utført. Fleire etappar når Sotrasambandet startar opp.

Prosjekt U1: Angeltveitsjøen

Anleggsarbeida byggetrinn 1 vart fullført våren 2014. I 2020 vart ny pumpestasjon bygt. Denne fører avlaupet til det nye avløpsreinseanlegget ved Krekjebærneset.



Ekrhovda

UTBYGGINGSPROSJEKT

Prosjekt U4: Solsvika–Misje–Turøyna

Vassleidning til Turøyna og Misje er fullført. Det er lagt vassleidning frå Misje til Tjuvvika (gamle Øygarden kommune) og fått samanhengande vassleidning mellom Fjæreide vassverk og Blomvåg vassverk.

Prosjekt U4: Misje–Tjuvvika, overføringsleidning Øygarden

Vassleidning frå Misje til Tjuvvika, samankopling mellom tidlegare Fjell og Øygarden kommunar, utført 2019.

Prosjekt U6: Søre Bjørøyna

Ny vassleidning til Søre Bjørøyna vart fullført i 2017.

Prosjekt U7: Dale

Vassleidning ført fram til Dalseide. Gjenstår å føre fram leidning til Dale.

Prosjekt U8: Bjørøyna–Liasjæret

Prosjektet er fullført.

Prosjekt U9: Trengereid–Kallestad

Vassleidning ført fram til Kallestad og Trengereid, fullført 2018.

U12: Brattholmen–Nygårdshøgda

Delt inn i fleire etappar. Avløp frå Brattholmen skule og omkringliggjande bustader ført til Brattholmen, fullført 2019. Etappe 2 pågår.

U13: Avløpssanering Ågotnes

I samband med nytt avløpsreinseanlegg er det utført sanering av avløpsnettet.

Prosjekt U14: Geitanger

Ny vassleidning til Geitanger fullført 2016.

Prosjekt under bygging

Prosjekt 25: Trengereid–Fjellspollen–Bildenuen

Dette er hovudvassleidningen frå Kørelen til Bildenuen. Deler av leidningen vil bli lagt i samband med utbygging av Blommen/Kolltveit (Blommen–Kolltveit skule). Det er også lagt ned vassleidning frå Ekren til Dalseide/Trengereid.

Prosjekt 31: Hjelteryggen–Knarrevik

Under bygging.

Prosjekt U12: Brattholmen–Nygårdshøgda

Under bygging.

Prosjekt: Vassleidning Turøy

Under bygging.

Prosjekt under prosjektering

Prosjekt U3/U11: Idrettsvegen–Ebbesvika

Prosjektering fullført, oppstart avhengig av utbyggjar.

Prosjekt U5: Vassleidning til Ekerhovda

Prosjektering pågår.

Skaga avløpsreinseanlegg

Prosjektering pågår. Utsleppsløyve er gjeve.

Prosjekt ikkje starta opp med planlegging

Prosjekt 6: Kørelen VBA

Må sjåast i samanheng med kommunesamanslåing.

Prosjekt 19: Ebbesvik–Øvre Snekkevik

Prosjektet er ikkje starta opp.

UTBYGGINGSPROSJEKT

Sekkepostar

Det er i kommunedelplanen satt av ein sum årleg til diverse tiltak (rehabilitering/fornyning). Følgjande prosjekter er gjennomførte eller er under planlegging.

Vassleidning Nordvik

I samband med legging av ny vassleidning til Ekren og Nese oppdaga ein at dimensjonen på Nordvik var for liten. Denne vart skifta ut i 2012. Totalkostnad 2,2 mill kroner.

Vindenes kai-Skårane

I samband med at kommunen starta med utbetring av også denne vegstrekninga nytta ØYVAR AS høve til å leggja nye vass- og avløpsleidningar. Arbeidet er fullført i 2013 med ein totalkostnad 1,5 mill. kroner.

Resipientgransking

ØYVAR AS har gjennomført resipientgransking i 2012, med ein kostnad på ca. 2,6 mill. kroner. På bakgrunn av resultatet frå denne undersøkinga er det søkt om fritak for sekundærreinsing for det nye hovudavløpsreinsing-anlegget på Litle Sotra.

Sanering av avløp Solsvik og ny vassleidning til Solsvik Byggearbeida er fullført og teken i bruk.

Ny pumpestasjon for vatn, Ågotnes

For å sikre vassforsyning mot Solsvik-Misje er det etablert ny trykkaukestasjon ved Ågotnes.

Vassleidning Misje-Øygarden

Ferdig i 2019.

Grunnavågen-Foldnes

I samband med bygging av gang og sykkelveg nyttar ØYVAR høve til å leggja nye vass- og avlaupsleidningar, pågår.

Prosjekt kommune- delplan for vatn og avløp, tidlegare Øygarden kommune

Vedtak

Desse prosjekta er fullført av administrasjonen i Øygarden kommune og overteke av ØYVAR:

- 1) Hellesøy kai
- 2) Overføringsleidning Tjeldstø-Breivik
- 3) Rong Gard

Prosjekt kommune- delplan for vatn og avløp, tidlegare Sund kommune

Vedtak

Følgjande prosjekt er under prosjektering:

- 1) Nytt avløpsreinsingseanlegg på Skaga. Prosjektet er under prosjektering og vil venteleg starte opp med bygggearbeida hausten 2021.
- 2) Forstudie plassering av nytt avlaupsreinsingseanlegg Skogsvågen-Midstegen.



Glesvær

Vatn



Vasskvalitet

Etter kommunesamanslåinga har vi mange fleire vassverk å spele på. Dette gir oss betre lokal reservevassforsyning dersom noko skulle gå gale. Samanbinding av Blomvåg og Alvheim og av Fjæreide og Blomvåg er på plass.

I 2020 blei det teke 1914 rutinemessige vassprøver ulike stader på nettet. Kvaliteten er god. Vi har hatt eitt bakteriologisk avvik frå eit høgdebasseng. Dette blei raskt lukka ved at vi stengde bassenget ute. Avviket fekk

ingen konsekvensar. Vi har også varierende kimental frå Alvheim og Kørelen vassverk, spesielt Alvheim. Her jobbar vi i første omgang med optimalisering av reinseprosessen og med lokal klordosering på nettet.

Lekkasje og vassproduksjon

I 2020 har vi rapportert inn til Mattilsynet for fem vassverk: Kørelen, Stranda/Glesnes, Fjæreide/Bildøyvatnet, Blomvåg og Alvheim. Dette er fem område som normalt har kvart sitt forsyningsnett. Stranda/Glesnes har ikkje vore i bruk i 2020. Her har Kørelen stått for forsyninga.

PRODUKSJON OG LEKKASJETAL

	Bildøyvatnet	Fjæreide	Kørelen	Stranda/Glesnes	Alvheim	Blomvåg
Produksjon, m ³	888 912	1 932 785	1 398 093	0	882 127	539 511
Lekkasje %	8		15	24	17	23



**Kommune-
samanslåinga sikrer
betre lokal reserve-
vassforsyning
med mange fleire
vassverk.**

Avløp



Krekjebærneset

Kvalitet

I samband med kommunesamanslåinga har vi i 2020 registrert og systematisert avløpsreinseanlegg som ØyVAR tidlegare ikkje har hatt oversikt over. Dette med omsyn til kapasitet og utsleppsløyve.

Storanipa reinseanlegg har vore i drift i heile 2020 og har levert reinseresultat innanfor utsleppsløyvet. Med unntak av Hjelteryggen og Knarrevik reinseanlegg har alle anlegg innanfor tettstaden blitt sanerte og overførte til Storanipa i samsvar med løyvet frå Fylkesmannen. Storanipa med tilstøytande avløpsnett har også vore gjenstand for tilsyn av Fylkesmannen. Her blei det funne to avvik. Det eine var manglar i internkontrollen. Det andre var at Hjelteryggen og Knarrevik reinseanlegg ikkje var sanerte og overførte til Storanipa innan fristen i løyvet.

Begge avvika var venta. Internkontroll for avløp må reviderast etter kommunesamanslåinga. Dette arbeidet har vi ein plan for, og det vil vere ferdig i starten av 2022. Etter tilsynet er Hjelteryggen og Knarrevik reinseanlegg også blitt overførte til Storanipa. Alle avløpsanlegga i Øygarden kommune er rapporterte inn til Miljødirektoratet.

Kapasitet

Ågotnes-området har lenge hatt store utfordringar når det gjeld reinsekapasitet. Nytt reinseanlegg på Krekjebærneset blei sett i drift hausten 2020, med innregulering og testing. Den gamle slamavskiljaren i Mathopen er lagd ned og erstatta med ein pumpestasjon. Det same gjeld slamavskiljaren ved Angeltveitsjøen. Kapasiteten i dette området er no sikra i mange år framover. Kapasiteten for tettstaden i og rundt Lille Sotra er også sikra i mange år framover med Storanipa reinseanlegg og nye pumpestasjonar.



**Kapasiteten for
Ågotnes-området
og tettstaden i og
rundt Lille Sotra
er sikra i mange
år framover.**

I 2020 har vi utført eit omfattande arbeid med registrering av slamavskiljarar i samband med kommunesamanslåinga. Her har vi avdekt ein del avvik når det gjeld kapasitet og utsleppsløyve. Desse er eller vil bli rydda opp i.

Lekkasje

Kartlegging og tilstandsregistrering av innlekkasje av overvatn skjer fortløpande. Det omfattar mellom anna arbeidet langs Foldnesvegen, som er i avslutningsfasen. Arbeidet er svært viktig for å redusere energiforbruket og auke kapasiteten i åra framover. Fylkesmannen i Vestland stiller òg strenge krav til oss når det gjeld systematisk tilstandsregistrering og utbetringar. Dette er noko vi rapporterer på kvart år.



Renovasjon



ØyVAR fekk frå 1. januar 2020 ansvar for renovasjon i heile Øygarden kommune. Dette medførte å hente avfall heime hos over 38 000 innbyggjarar og frå over 3 400 hytter. Overgangen var knapt eit faktum før koronapandemien slo inn over oss og skapte store utfordringar for ordinær drift av gjenbruksstasjonane og for ordinær bosshenting. Då 2020 var omme, var vi glade for at vi hadde kome gjennom året utan å påføre innbyggjarane for store innskrenkingar.

Gjenbruksstasjonane

Gjenbruksstasjonen i Lonavegen på Straume måtte vi delvis stenge ned, men vi klarte vi å halde oppe i Midtstegen på Skogsvåg. Mange av dei faste kundane våre i Lonavegen fekk i denne perioden besøkt den «nye» stasjonen i Midtstegen og gav positiv tilbakemelding på både stasjonen og dei tilsette. Andre gav uttrykk for at dei venta på at vi skulle opne att på Straume. Utover året fekk vi naudsynete fasilitetar i Lonavegen som medførte at vi òg kunne halde oppe her.

Merking av bosspann

I 2020 blei så godt som alle bosspann i gamle Øygarden kommune kontrollerte og merkte av våre kontrollørar. Alle spann som blir tømde, er no merkte og knytte til eit abonnement på ei adresse. Dette gir ØyVAR kontroll med kor mange spann som blir tømde på kvar rute. Det gir òg nye moglegheiter for å optimalisere ruter med tanke på miljø og effektiv drift. I gamle Sund kommune starta vi hausten 2020 arbeidet med å setje ut matspann til husstandane. Planen var å avslutte arbeidet før årsskiftet, men mellom anna på grunn av pandemien blei vi forseinka og måtte halde fram i 2021.

Nye avfallsløysingar


I den nye kommunen vår vil det bli behov for nye typar avfallsløysingar. Kommunen er prega av høg aktivitet, stor tilflytting og meir sentrumsdanning. Renovasjonen i ØyVAR må møte denne utviklinga med renovasjonsløysingar som både er funksjonelle og sikre og har god



estetisk utforming. På Straume finst det allereie fleire nedgravne løysingar, men slike løysingar kjem no òg i større grad andre stader i kommunen. I samband med utbygginga av nytt reinseanlegg på Storanipa (Våge) Investerte vi i eit nytt anlegg for hytterenasjon. Dette sikrar hyttefolket god kapasitet og høve til kjeldestorting av hytteavfallet.

Innsamla avfall

I vårt første driftsår som ØyVAR har vi samla inn og handtert over 17 400 tonn avfall. Tala for mengde gjenvunne avfall har ikkje vore like sterke, med berre 31 % materialgjenvinning. At ikkje meir er gjenvunne, kjem i stor grad av pandemien, som har ført til at meir avfall har gått til forbrenning enn tidlegare. Berre restavfallet utgjorde heile 40 %. I tillegg har bruktbuene vore stengde i mesteparten av 2020.





Tilrettelegging med kjeldesortering for hytterrenovasjon, Storanipa, Våge.



Merketeamet har kontrollert og merkt så godt som alle bospann i kommunen.

Eit positivt tiltak som fekk mykje merksemd i media, var oppstarten av komprimering av isopor for gjenbruk. På denne fraksjonen samarbeider ØyVAR med Norsirk om komprimering, transport og gjenbruk av isopor frå gjenbruksstasjonane.

I 2020 fekk ØyVAR nye samarbeidspartnarar på fleire kontraktar på renovasjonsfeltet. BIR Bedrift / Retura Vest starta opp sin periode med innsamling av hushaldsavfall i kommunen. Norsk Gjenvinning AS og RagnSells AS starta opp kvar sine nye kontraktar på avfall frå gjenvinningsstasjonane.

Total mengde avfall 17 400 tonn

Farleg avfall	1 120 tonn
Restavfall	40 %
Materialgjenvinning	31 %

42 800 betalende kundar på gjenbruksstasjonane.



Komprimering av isopor for gjenbruk.

Årsmelding og rekneskap

Styrets årsmelding

Verksemnda

I 2020 endra Fjell vatn, avløp og renovasjon AS (FjellVAR) namn til ØyVAR AS etter godkjenning av namneendring på selskapet si ekstraordinære generalforsamling den 7. januar 2020. Det nye namnet speglar utviklinga og identiteten til selskapet etter kommunesamanslåinga.

Selskapet blei stifta i 2003 og driv verksemnda si i Øygarden kommune. ØyVAR er eit heileigd kommunalt selskap, og det vedtektsfesta føremålet til selskapet er å stå for forvaltning, planlegging, utbygging og drift av vass- og avløpsanlegga i kommunen og anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet skal vidare vere ansvarleg for innsamling og gjenvinning av avfall. Selskapet skal finansiere verksemnda si etter sjølvkostprinsippet.

I tillegg driv selskapet med ei mindre verksemd knytt til innsamling og handsaming av næringsavfall, i all hovudsak frå skular og barnehagar. Innsamling av avfall frå skular og barnehagar er i samsvar med forskrift definert som næring. Verksemd knytt til innsamling av næringsavfall følgjer ikkje sjølvkostprinsippet, men vanlege marknadsmessige vilkår.

Eigar

Øygarden kommune eig 100 % av aksjane i selskapet. Det skal ikkje betalast utbytte til eigarane.

Vesentlege hendingar og utviklingstrekk i 2020

Som eit ledd i kommunesamanslåinga har ØyVAR i 2020 skifta namn og gjennomført fusjon med søsterselskapet Sund VA med verknad frå 1. januar 2020. I tillegg har anleggsmidla knytte til vatn og avløp i tidlegare Øygarden kommune blitt overdregne til selskapet med verknad frå 1. januar 2020.

I året som har gått, har selskapet brukt mykje tid på å bli kjent med planar, rutinar og system i den nye storkommunen. Eit fokusområde har vore fornying av internkontrollsystemet vårt. I dette arbeidet har alt driftspersonalet bidrege med kunnskap og erfaring frå dei gamle driftsorganisasjonane, og resultatet har blitt eit heilskapleg internkontrollsystem. Det blir kontinuerleg arbeid med internkontroll, og ein vil etter kvart sjå at organisasjonen blir meir samkøyrd. Gjennom arbeidet med internkontrollsystemet har også styrking av beredskapen blitt sentralt, og samordning av rutinar er eit viktig ledd i dette arbeidet.

Mykje av aktiviteten knytt til avløp har handla om å setje i gang drifta av Storanipa reinseanlegg og mellom anna teste at anlegget vil tole belastninga som den auka utbygginga i området rundt Straume vil medføre. I tillegg har Krekjebærneset reinseanlegg blitt sett i drift, og innkøyringa av anlegget er i gang.



Investeringar

I løpet av 2020 er det gjennomført investeringar innan VAR-sektoren på 136 millionar kroner (MNOK). Tilgang som følgje av fusjon med Sund VA og kjøp av anleggs-midlar frå tidlegare Øygarden kommune kjem i tillegg.

Fleire prosjekt er tekne i bruk i 2020 eller er under bygging ved utgangen av 2020:

- Avløpsreinseanlegg på Ågotnes/Krekjebærneset
- Sanering av avløp på Ågotnes
- Avløpsleidning og pumpestasjonar Hjelteryggen–Knarrevik–Valen
- Vass- og avløpsleidning Grunnvågen–Foldnes
- Vassleidning Lonavegen–Storskaret
- Vassleidning i Landrodalen (Landro–Vindenes)
- Sanering av avløp (etappe 1) i søre del av Nygårdshøgda–Brattholmen
- Sanering av avløp (etappe 2) i nordre del av Nygårdshøgda er i gang
- Hellesøy kai
- Overføringsleidning Tjeldstø–Breivik
- Rong gard (vest), Varane
- Gjenbruksstasjon på Midstegen
- Vassleidning på Turøyna er i gang

Forskning og utvikling

Selskapet driv ikkje med eige forskings- og utviklingsarbeid, men gir generell FoU-støtte via medlemskap i Norsk Vann og Avfall Norge.

Arbeidsmiljø og likestilling

Styret i selskapet har sju medlemmar, tre kvinner og fire menn. Selskapet har pr. utgangen av året 57 tilsette: 11 kvinner og 46 menn. Kvinnedelen i administrative stillingar utgjer 62 %, medan delen av kvinner i leiarstillingar utgjer 33 %.

Selskapet har totalt tre tilsette i deltidstillingar og fem tilsette på mellombelse kontraktar. Alle desse er menn. Vidare har selskapet 10 timehjelpar. Av desse er ein kvinne. Ved rekruttering til styret, utlysing av ledige stillingar, fastsetjing av løn osv. legg selskapet vekt på likestilling og på at personar av begge kjønn skal handsamast så likt som råd er. ØyVAR er medlem av Samfunnsbedriftene og slutta til Hovedtariffavtalen for konkurranseutsatte bedrifter.

Verksemda har eit godt arbeidsmiljø og gode samarbeids-tilhøve. Det totale sjukefråværet i 2020 var 6,4 % (2019: 2,0 %), og av dette var korttidsfråværet på 3,8 % (2019: 1,3 %). ØyVAR er ei IA-bedrift, med tett oppfølging av tilsette under sjukefråværet og iverksetjing av førebyggjande tiltak. Dette inneber mellom anna eit nært samarbeid med bedriftshelsetenesta vår, Aktimed.

Det har ikkje vore personskade eller materielle skadar som har medført fråværet.

Kompetanseutvikling

ØyVAR er ei kompetansebedrift der rammevilkåra er i stadig endring. Det er derfor viktig at kompetansen i selskapet blir utvikla i takt med endringane. Som tidlegare år har tilsette også i 2020 gjennomført eksterne kurs for å møte utfordringar i dag og i framtida. I 2020 har også fleire tilsette teke fagbrev i vaksen alder. ØyVAR vil halde fram med å oppmode våre tilsette til å ta fagbrev og leggje til rette for slik kompetanseheving.

Tiltak for å hindre diskriminering mv.

Selskapet arbeider aktivt for å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar og hindre diskriminering på grunn av kjønn, etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. For å bidra til dette har selskapet blant anna rutinar for rekruttering, der underrepresenterte grupper blir oppmoda til å søkje. Vidare vil selskapet nytte medarbeidarundersøkingar for å kartleggje og setje i verk tiltak for å førebyggje diskriminering og fremje likestilling.

Samfunn

Vårt system for etterleving av lover, forskrifter og interne krav er basert på førebygging, avdekking, rapportering og respons. Innsats mot korrupsjon og respekt for menneske-rettar er ein integrert del av dei krava vi stiller til leverandørane våre. Noko av det vi gjer for å sikre ansvarleg åtferd, er å:

- stille krav om at selskapa er à jour med skatt og mva.
- stille krav om at leverandørane våre er godkjende opplæringsbedrifter
- stille krav om internkontrollsystem og system for helse, miljø og tryggleik
- kontrollere at allmenngjord minsteløn for tilsette i bygg- og anleggssektoren blir følgd



Klima og miljø

ØyVAR AS er ei miljøbedrift og har ansvar for å ta vare på det ytre miljøet knytt til vatn, avløp og renovasjon. Selskapet er såleis ein betydeleg bidragsytar til eit godt ytre miljø. Selskapet fokuserer på reduksjon av energi- og vassforbruk, og det er styret si oppfatning at selskapet har oppnådd svært gode resultat, blant anna gjennom arbeid med lekkasjesøk og reparasjonar av lekkasjar på leidningsnett.

Ein del av regnvatnet som kjem ned, finn vegen til avløpsnett og sprengjer kapasiteten på leidningane. I periodar med mykje nedbør blir avløpsleidningane fylte opp, og det fører til at avløpsvatn går i overløp. Å gjennomføre tiltak som reduserer innlekning av regnvatn til avløpsleidningane, er eit kontinuerleg arbeid, og mykje er gjort dei siste åra. Det siste tiltaket i rekkja er arbeidet på Foldnesvegen. Å redusere innlekning av regnvatn vil også framover vere ein prioritert aktivitet for ØyVAR.

Selskapet er sertifisert som miljøfyrtårnbedrift, noko som vil seie at vi oppfyller strenge krav til kjeldesortering og har fokus på miljøvenleg drift av selskapet.

Selskapet har hatt eit omfattande samarbeid med andre organisasjonar og frivillige om innsamling av marint avfall.

Selskapets stilling og resultatet av verksemda

Selskapet hadde i 2020 samla driftsinntekter på 205 MNOK. Av dette utgjorde offentlege vassgebyr, avløpsgebyr, renovasjonsgebyr og gebyr for tømning av septiktankar i Øygarden kommune 198 MNOK. 7 MNOK var andre inntekter. Auken på 64 % kjem i hovudsak av kommunesamanslåinga og nye abonnentar frå tidlegare Sund og Øygarden kommune.

Samla driftskostnader var på 197 MNOK. Av dette utgjorde avskrivning av driftsmiddel 43 MNOK. Netto finanskostnader var på 19 MNOK. Av dette utgjorde renter på lån 20 MNOK. Selskapet har kommunal garanti for låna.

Året er gjort opp med eit underskot før skatt på 10,7 MNOK, mot budsjettert underskot på 15,1 MNOK. Den låge renta i 2020 bidrog til at selskapet fekk eit betre resultat enn forventa.

Netto kontantstraum frå drifta utgjorde 117 MNOK i 2020 mot 14 MNOK i 2019. Auken kjem i hovudsak av oppgjer for fusjon. Pr. 31.12.2020 har selskapet ein total kapital på 1 265 MNOK, og av dette er 240 MNOK kortsiktig gjeld. Selskapet har pr. 31.12. ein eigenkapitaldel på 4,6 % og ein negativ arbeidskapital på 166 MNOK. Den negative arbeidskapitalen er forbigående og kjem av kortsiktig gjeld knytt til kjøp av anleggsmidlar frå tidlegare Øygarden kommune. Kjøpet er lånefinansiert i 2021, og gjelda til kommunen er gjort opp pr. april 2021.

Selskapet har opparbeidd seg overskotsfond for vatn og avløp. Desse skal etter sjølvkostprinsippet reduserast dei næraste åra og er å rekne som abonnentane sine midlar. Underskotet på renovasjon i 2020 førte til eit negativt sjølvkostfond. Underskotet er å rekne som fordring på abonnentane. Negative fond skal etter sjølvkostprinsippet framførast i sjølvkostrekneskapen til inndekking eit seinare år.

Koronasituasjonen inneber etter styret si oppfatning ikkje ein stor finansiell eller likviditetsmessig risiko for selskapet. I 2020 har selskapet måtta omorganisere noko for å tilpasse seg situasjonen.

Utover dette er styret ikkje kjent med at det etter utgangen av rekneskapsåret har skjedd ting som er viktige for vurderinga av resultatet eller stillinga til selskapet.

Etter styret si oppfatning gir den framlagde rekneskapen eit rett inntrykk av selskapet si stilling og resultatet for verksemda.

Finansiell risiko

Selskapet har relativt store lån. Store investeringar i infrastruktur har ført til auka gjeld. Styret i ØyVAR AS har lagt vekt på å unngå risiko, og selskapet har derfor sikra delar av låna mot rentesvingingar ved bruk av rentesikringsinstrument med spreiding i forfall og sikring innanfor ulike tidsintervall. Utover dette ser ikkje styret at selskapet har større finansiell risiko.

Likviditetsmessig risiko

Selskapet hadde ved utgangen av 2020 meir enn 64 MNOK i bank, noko som sikrar tilstrekkeleg likviditet i starten på 2021. I april 2021 fekk selskapet tilført kapital gjennom

låneopptak på 244 MNOK. Midlane gjekk til å dekkje gjeld til Øygarden kommune (184 MNOK pr 31.12.), og resten er plassert i bank. I 2021 har selskapet innført seks terminar, mot fire terminar i 2020. Dette har vore etterspurt av innbyggjarane, og tiltaket vil truleg gi betre kredittid på kundefordringane, i tillegg til at det betrar likviditeten i selskapet. Styret vurderer den likviditetsmessige risikoen som låg.

Vidare drift

Årsrekneskapen for 2020 er sett opp under føresetnad om at drifta skal halde fram. I samsvar med rekneskapslova § 3-3 blir det stadfesta at føresetnaden for vidare drift er til stades. Til grunn for vurderinga ligg årsrekneskapen for 2020.

Økonomisk resultat og styrets framlegg til disponering

Selskapet sitt økonomiske resultat før skatt for 2020 blei eit underskot på kr 10 438 996. ØYVAR har vedtektsfesta at det ikkje skal betalast utbytte til aksjonæren.

Styret vil gjere framlegg om at underskotet i 2020 blir ført mot sjølvkostfond og egenkapital. Den opptente egenkapitalen viser etter dette eit akkumulert overskot på kr 7 222 355. Netto bokført egenkapital er kr 57 932 006 pr. 31.12.2020.

Vegen vidare

I samband med pandemien har administrasjonen teke i bruk planverktøy og sett i verk ei rekkje tiltak for å sikre levering av selskapet sine samfunnskritiske tenester.

I samband med kommunesamanslåinga er det viktig for selskapet å få oversikt over alle anlegg og sikre overføring av kunnskap om desse. Dette vil vere eit viktig grunnlag for arbeidet med ny kommunedelplan for vatn og avløp. Eit av dei viktigaste tiltaka framover må vere å knyte saman dei fem vassverka i kommunen og auke leverings-sikkerheita i vassforsyninga.

Som følgje av kommunesamanslåinga har selskapet utan tvil fått auka både kapasiteten og kompetansen, noko som vil gjere selskapet mindre sårbart. Sjølv om ikkje alt er på plass, ser vi allereie effektar av ein meir robust organisasjon som står klar til å løyse dagens og morgondagens utfordringar.

Sotrasambandet vil krevje mykje av selskapet dei neste åra, sidan ein stor del av arbeidet skal skje parallelt med eksisterande vass- og avløpsleidningar.

Takk til dei tilsette

Styret ønskjer å takke alle tilsette for positiv vilje og arbeidsinnsats i året som gjekk. Motiverte og endringsvillige medarbeidarar er avgjerande for den vidare utviklinga av ØYVAR AS som samfunnsaktør og miljøbedrift.

Styret i ØYVAR AS
Straume, 10. mai 2021



Børge Haugetun
Styreleiar



Ingvill Kvalsnes Blom
Nestleiar



Liv Trellevik
Styremedlem



Tommy Angeltveit
Styremedlem



Knut-Rune Torsvik
Styremedlem



Ketil Christensen
Styremedlem



Tonje Tangen Alvsvåg
Styremedlem



Bjarne Ulvestad
Dagleg leiar



Lokøyna

Resultatrekneskap

DRIFTSINNEKTER	Note	2020	2019
Kommunale årsgebyr og tilknytningsgebyr		198 033 736	95 328 407
Andre driftsinntekter		6 915 825	29 342 786
Sum driftsinntekter		204 949 560	124 671 193
DRIFTSKOSTNADER			
Varekostnader		44 744 444	29 224 609
Lønskostnader	3, 4	37 824 639	26 581 546
Avskrivning	5	43 251 069	18 693 933
Nedskrivning	5	578 420	-
Andre driftskostnader	3, 8	70 690 833	45 451 135
Sum driftskostnader		197 089 405	119 951 223
Driftsresultat		7 860 155	4 719 970
